



HARAM
KOMMUNE

Vedtekter for ungdommens kulturpris i Haram

Vedtak i Haram kommunestyre 21.03.2024, k.sak 028/24

1. Prisen vert sett til kr 10.000,- pr år, men kan endrast av kommunestyret ved budsjettbehandlinga. I tillegg vert det delt ut eit diplom. Det skal ikkje knytast særlege vilkår for korleis mottakaren nytta prisens.
2. Føremålet er å hjelpe fram ungdom som driv ulike kulturaktivitetar m.a. ved å gi dei positiv merksemd, gi betre vilkår og tene som inspirasjon for vidare innsats.
3. Kulturprisen kan bli gitt til ungdom i alderen 15-25 år som høyrer heime i kommunen, og som har vist evne og vilje til å yte aktiv kulturinnsats utover det vanlege. Lag og organisasjonar som arbeider for og med barn og unge kan også bli tildelt prisen.
4. Alle innbyggjarar, frivillige organisasjonar og kulturinstitusjonar kan foreslå kandidatar til prisen. Forslag til kandidatar må vere godt grunngjevne. Frist for innsending av forslag til kandidatar vert sett til 15.09. kvart år.
5. Haram ungdomsråd skal få kome med uttale og eventuell tilråding til kandidat før saka blir lagt fram for behandling i politisk organ for kultursaker for vedtak.
6. Prisen vert utdelt i siste kommunestyremøte før jul.